



## Statens vegvesen

Lars Bjørn Lygre  
Lurevegen 1498  
5912 SEIM

Behandlande eining:  
Region vest

Sakshandsamar/telefon:  
Tone Bøyum / 55516792

Vår referanse:  
16/106793-27

Dykkar referanse:

Vår dato:  
25.05.2018

### Søknad om avkøyrsløse – Retur av klage – Fv. 404 – Gnr. 58 bnr. 7 – Lindås kommune

Statens vegvesen syner til tidlegare korrespondanse.

Vi har mottatt din klage datert 19.06.2017 i retur frå klagenemnda i Hordaland fylkeskommune (vedlagt). Vårt tidlegare vedtak datert 16.03.2017 er oppheva med grunngjeving at mellom anna fartsgrensa på staden er endra. Fylkeskommunen ber Statens vegvesen vurdere saka på ny.

Vi viser vidare til ny og endra søknad frå deg datert 25.02.2018, og vårt førebelse svar datert 31.03.2018. Sidan du har levert ny og endra søknad meiner vi at den førre saka (klagesaka) har mista sin aktualitet. Slik vi forstår deg ynskjer du no eit anna alternativ enn tidlegare. Du må avgjere kva søknad du går vidare med, og presisere kva tiltak du søker om. Vi vil behandle ein slik søknad i samsvar med forholda på staden og at fartsgrensa er satt ned.

Vi kan ikkje gå vidare med saka før det er klart kva søknad vi skal behandle og kva tiltak det vert søkt om. Vi ber deg elles ta kontakt dersom noko er uklart eller du har spørsmål til saka.

Plan og forvaltning, Bergen  
Med helsing

Kari Elster Moen  
faggruppekoordinator

Tone Bøyum  
senioringeniør

*Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.*

Kopi

Lindås kommune, Kvernhusmyrane 20, 5914 ISDALSTØ

Postadresse  
Statens vegvesen  
Region vest  
Postboks 43  
6861 LEIKANGER

Telefon: 22 07 30 00  
firmapost-vest@vegvesen.no  
Org.nr: 971032081

Kontoradresse  
Nygårdsgaten 112  
5008 BERGEN

Fakturaadresse  
Statens vegvesen  
Regnskap  
Postboks 702  
9815 Vadsø



STATENS VEGVESEN  
Postboks 8142 Dep  
0033 OSLO

Dato: 06.04.2018  
Vår ref.: 2017/16325-4  
Saksbehandlar: nilelde  
Dykkar ref.:

## **Retur av sak - Klage på vedtak - avkøyrslø - gnr 58 bnr 3 og 7 - FV 404 - Lindås kommune**

Vi viser til oversendt klagesak av 13.10.2017 (ref: 16/106793-23). Saka gjelder klage på avslag på søknad om avkøyrslø frå fylkesveg 404 til tomt søkt frådelt frå gnr 58 bnr. 7 i Lindås kommune.

I vedtak om avslag av 16.3.2017 vart det blant anna lagt vekt på at fartsgrensa på staden er 80 km/t, og at siktkravet på 100 meter difor ikkje var oppfylt. Etter klage på vedtaket gjennomførte Statens Vegvesen (SVV) ei fartsmåling i tidsrommet 8.9.2017 – 14.9.2017. Denne målinga viste ein gjennomsnittsfart i døgnet på i underkant av 50 km/t, som etter innlagt margin vart vurdert til eit fartsnivå på 60 km/t. Ein fart som vil tilseie eit siktkrav på 60 meter.

Hordaland fylkeskommune (HFK) var på synfaring på staden den 3.4.2018 og merka seg at fartsgrensa på staden er redusert til 50 km/t. HFK er av den oppfatninga at ei redusert fartsgrense kan ha innverknad på spørsmålet om kva margin ein skal legge til på det reelle fartsnivået og difor kva siktkrav som skal leggjast til grunn, samt at det kan få følgjer for heilskapsvurderinga av forholda på staden. Dei endra føresetnadane kan difor få innverknad på resultatet i saka.

Ettersom dei faktiske forholda på staden har endra seg sidan klagesaka vart sendt over til HFK, meiner vi at saka må vurderast av SVV på nytt. HFK opphevar difor vedtaket og returnerer saka til SVV for ny handsaming, jf. forvaltningsloven § 34 fjerde ledd.

Rolf Rosenlund  
seksjonsleiar

Nils Tore Eldegard  
spesialrådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*